

Informasjonssystemet for den indre marknaden IMI

Knyter kontakt mellom
forvaltninger.
Byggjer tillit.
Gir fordelane ved ein felles
marknad.



Kva er IMI?

Ein portugisisk lege søkte ei stilling ved sjukehuset vårt. Eg veit ikkje om ho er kvalifisert, fordi vitnemålet hennar er på portugisisk.

Eg har spurt dei norske kollegaene mine om ein elektrikar som tilbyr tenestene sine her, er etablert i Noreg. Når kan eg rekne med å få svar?



Eit tysk entreprenørfirma vil bygge eit nytt kjøpesenter i byen vår. Eg er ikkje sikker på om kranen dei hadde med seg, har passert alle dei nødvendige tekniske kontrollene i Tyskland.

Ein estisk bakar vil gjerne opne eit bakeri i vår region. Korleis kan eg finne ut om han har den nødvendige yrkeserfaringa?

IMI er etablert for å hjelpe europeiske forvaltningar med å få svar på spørsmål som dette. Det er ein fleirspråkleg elektronisk reiskap som gjer det lettare og raskare for dei å samarbeide, og som reduserer kostnadene som følgjer av forseinking. Betre tenester til innbyggjarar og bedrifter hjelper dei med å få maksimalt ut av moglegheitene i ein felles marknad.

Korleis kan IMI hjelpe deg?

Viss du arbeider for ei nasjonal, regional eller lokal myndigheit, kan det hende du ...

- ... treng informasjon frå ei myndigheit i eit anna land, men du er ikkje sikker på kven du skal kontakte.
 - ▶ IMI set deg i kontakt med den rette tilsvarande myndigheita.
- ... veit kven du skal kontakte, men du og motparten snakkar ikkje same språk.
 - ▶ IMI gir deg standardsett med spørsmål og svar som er omsette på førehand. For somme språk er maskinomsetjingar av fri tekst tilgjengelege.
- ... lurar på kor lang tid det tek før du får eit svar.
 - ▶ IMI følgjer behandlinga av spørsmålet ditt. Ved å sjekke i IMI kan du følgje med på alle stadium spørsmålet går gjennom. I IMIs pillofase kom det svar på alle spørsmål innan to veker.
- ... er usamd med motparten i kva type informasjon du eigentleg treng.
 - ▶ Du kan kontakte den regionale eller nasjonale IMI-koordinatoren, som går inn om nødvendig.

Korleis arbeider IMI?

IMI er eit IT-basert informasjonsnettverk som er tilgjengeleg via Internett. Du treng ikkje installere ny programvare.

Med hjelp av IMIs multispråklege søkjefunksjon finn du fram til den tilsvarande myndigheita i eit anna land.

Du lagar eit spørsmål ved å velje standardspørsmål på ditt eige språk. Du kan òg skrive inn fri tekst og leggje ved vedlegg.

Du sender spørsmålet til den tilsvarande myndigheita.

Den tilsvarande myndigheita mottok spørsmålet på sitt eige språk.

Ved å følgje med på IMI kan du følgje med på behandlinga av spørsmålet ditt.

Den tilsvarande myndigheita svarer deg på sitt eige språk.

Du får svaret på ditt språk.

Kva for område dekkjer IMI?

IMI er laga som eit fleksibelt system som kan brukast til administrativt samarbeid innanfor alle typar indre marknadslovgiving.

- Opptakten vart gjort med **direktivet om yrkeskvalifikasjonar frå EØS-området¹**.

- ▶ For tida dekkjer IMI elleve profesjonar:

Rekneskapsførarar
Arkitektar
Tannlegar
Legar
Jordmødrer
Sjukepleiarar



Radiografar
Farmasøytar
Fysioterapeutar
Lærarar i vidaregåande skule
Veterinærar



Dersom den regulerte profesjonen du representerer, ikkje står i denne lista, kan du be om å bli teken med i IMI.

- **Tenestedirektivet²** pålegg myndigheiter i ulike land å hjelpe kvarandre. IMI skal gjere dette samarbeidet lettare.

- ▶ Tenestedirektivet omfattar ei rekkje økonomiske verksemdar. For ansvarlege myndigheiter blir det mogleg å bruke IMI for dei alle innan byrjinga av 2010.

- I framtida blir IMI utvida slik at det omfattar fleire lovgivingsområde.

¹. Direktiv 2005/36/EC Yrkeskvalifikasjonar fra EØS-området (OJ L 255, 30.9.2005, p.22).

². Direktiv 2006/123/EC Tjenestedirektivet (OJ L 376, 27.12.2006, p.36).

Korleis kan mi myndigheit registrere seg i IMI?

Du kan trenge tilgang til IMI dersom du:

- ✓ arbeider for ei nasjonal, regional eller lokal myndigheit (for eksempel eit departement, ein kommuneadministrasjon, eit offentleg organ) eller for ein profesjonell organisasjon;
- ✓ held til i det europeiske økonomiske samarbeidsområdet¹; og
- ✓ arbeider med dei områda innanfor indre marknadslovgiving som IMI støttar.

For å finne ut meir om registrering, kontakt den nasjonale IMI-koordinatoren vår. Kontaktopplysningar kan du finne på heimesida til IMI:

http://ec.europa.eu/internal_market/imi-net/contact_en.html

Kva med datavern?

Myndigheiter som bruker IMI, må respektere EØS-regelverket og det nasjonale regelverket om datavern. Ei tilråding frå Europakommisjonen som er tilgjengeleg på nettsidene til IMI, inneheld IMI-spesifikke retningslinjer om datavern. Det er viktig å merke seg at IMI er datavernvennleg fordi:

- det ikkje skaper ein permanent database eller eit register med personlege data,
- personlege data som ligg i informasjonsutveksling, blir sletta seinast seks månader etter at utvekslinga er avslutta, og
- berre instansar som er direkte involverte i informasjonsutvekslinga, har tilgang til personlege data.

1. Det europeiske økonomiske området består av alle EU-land og dessutan Island, Liechtenstein og Noreg.

Tilbakemelding frå IMI-brukarar

"IMI har gjort kommunikasjon mykje enklare fordi vi kan stille spørsmål på vårt eige språk, og dei tilsvarande myndigheitene kan lese spørsmålet på sitt språk. Samarbeidet er mykje nærare enn det var før."

Dr. András Zsigmond
Kontoret for helseautorisasjon og administrative saker, Ungarn



"Registrer deg straks! IMI er utruleg enkel å bruke, og du kjem ikkje til å angre på det."

Nicola Brienza
Departementet for handels, nærings- og reguleringsreformer, Storbritannia

"Det er storarta. Før måtte vi av og til vente i tre månader for å få svar på spørsmåla våre frå enkelte land. Med IMI går det to dagar. I somme land måtte du dessutan gå gjennom fem eller jamvel ti forskjellige instansar. No kan du kontakte ein person. Det er alt."

Dr. Jackie Ahr
Den nasjonale legeforeininga, Frankrike



For å få vite meir kan du gå inn på IMIs nettside:

http://ec.europa.eu/internal_market/imi-net

Dersom du har problem med IMI som ikkje kan løysast lokalt,
har Europakommisjonen laga ei kundestøtte for IMI:

Imi-helpdesk@ec.europa.eu

Tel. +32 22955470



Publikasjonskontoret

